



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 01.06.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 11:00 - 16:10

Kl. 11.00: Utvalet var på synfaring på næringsområde på Mjåtveit og Hjertås.
Kl. 13.00: Styringsgruppemøte næringsplan
Kl. 14.30: Møtestart ordinær sakshandsaming

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Øyvind Bratshaug	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	Øyvid Bratshaug-H permisjon

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Arne Eikefet-rådgjevar stab Samfunnsutvikling, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag og Rune Heradstveit-dagleg leiar Region Nordhordland IKS orienterte om regional næringsstrategi.

Olav Magne Kvamme-styreleiar PEP-Portable Energy Plant AS orienterte om Miljøpark Kjevikkaldalen.

Einar Vaage-prosjektleiar GreenSpot Mongstad orienterte om GreenSpot Mongstad

Sakliste

Saknr	Tittel
023/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/22	Godkjenning av møteprotokoll
025/22	Tildeling frå næringsfond 2022
026/22	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift

023/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 01.06.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende innkalling og saksliste.

ND- 023/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

024/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 01.06.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende protokoll for møte 04.05.2022.

ND- 024/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

025/22: Tildeling frå næringsfond 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Det blir lagt opp til ein søknadsrunde for næringsfondet i 2022 med frist 1. oktober
- Dei økonomiske rammene for søknadsrunden blir avklart i utval for næringsutvikling og drift sitt møte 7. September

Utval for næringsutvikling og drift 01.06.2022:

Behandling:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling orienterte i saka.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift legg opp til to tildelingar frå næringsfondet i 2022, éi med søknadsfrist 1.august og vedtak i september, og éi med søknadsfrist 1.oktober og vedtak i november.

For den første tildelingsrunden skal det tildelast NOK 300 000. Beløpet for neste tildelingsrunde vil ein koma attende til etter sommaren.

Utval for næringsutvikling og drift ber kommunedirektøren avslutta alle prosjekt som fekk støtte av næringsfondet i Lindås fram til 2019. Oversikt over unyttta midlar skal leggjast fram i sak til utvalet i september 2022.

Framlegget frå S. Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg. Lavik sitt framlegg fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 025/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift legg opp til to tildelingar frå næringsfondet i 2022, éi med søknadsfrist 1.august og vedtak i september, og éi med søknadsfrist 1.oktober og vedtak i november.

For den første tildelingsrunden skal det tildelast NOK 300 000. Beløpet for neste tildelingsrunde vil ein koma attende til etter sommaren.

Utval for næringsutvikling og drift ber kommunedirektøren avslutta alle prosjekt som fekk støtte av næringsfondet i Lindås fram til 2019. Oversikt over unyttta midlar skal leggjast fram i sak til utvalet i september 2022.

026/22: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vart tatt til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 01.06.2022:

Behandling:

Det vart gjeve følgjande meldingar og orienteringar.

- Regional næringsstrategi – v/Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag/ Rune Heradstveit-dagleg leiar Region Nordhordland IKS

- Miljøpark Kjevikdalen-Olav Magne Kvamme-Styreleiar PEP-Portable Energy Plant AS

- Greenspot Mongstad - v/Einar Waage-prosjektleiar Greenspot Mongstad
Møtet vart lukka og streaminga stoppa under sistnemnda orientering, heimla i Kommuneleova § 11-5. og Off.lova § 13 1.ledd.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet ser med interesse på moglegheitene knytt til Nordhordland Miljøpark og utvikling av industri innan sirkulærøkonomi. Slike initiativ og tiltak er viktige for å arbeida mot kommuneplanen sin visjon om å vera eit nasjonalt tyngdepunkt innan grøn industri.

Det er godt å sjå at arbeidet med regional næringsstrategi no nærmar seg ferdig. Utvalet vil oppmoda regionen om å halda tempoet oppe, og at ein får nok fokus og ressursar på regionalt nivå til å følgja opp strategiane.

Utvalet ser viktigheita av at Greenspot Mongstad held fram med å vera ein solid pådrivar for omstilling og utvikling av Mongstad som nasjonalt industrityngdepunkt. Det er svært spennande å sjå at fleire av prosjekta i området no ser ut til å materialisera seg.

Framlegget frå Stian Lavik vart samrøystes vedteke.

ND- 026/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet ser med interesse på moglegheitene knytt til Nordhordland Miljøpark og utvikling av industri innan sirkulærøkonomi. Slike initiativ og tiltak er viktige for å arbeida mot kommuneplanen sin visjon om å vera eit nasjonalt tyngdepunkt innan grøn industri.

Det er godt å sjå at arbeidet med regional næringsstrategi no nærmar seg ferdig. Utvalet vil oppmoda regionen om å halda tempoet oppe, og at ein får nok fokus og ressursar på regionalt nivå til å følgja opp strategiane.

Utvalet ser viktigheita av at Greenspot Mongstad held fram med å vera ein solid pådrivar for omstilling og utvikling av Mongstad som nasjonalt industrityngdepunkt. Det er svært spennande å sjå at fleire av prosjekta i området no ser ut til å materialisera seg.